

# Orientering om planlagt kartlegging av naturtypar i 2019

Fylkesmannen i Møre og Romsdal orienterer med dette om at det vil bli gjennomført ei kartlegg av naturtypar<sup>1</sup> på din eigedom i perioden juni til oktober 2019. Kartlegginga er ein del av kunnskapsløftet for natur som blei vedteke av Stortinget i 2015. Kartlegginga er ei langsiktig, nasjonal satsing for å betre kunnskapsgrunnlaget om norsk natur. Kartlegginga på din eigedom vil bli utført av firmaet Miljøfaglig Utredning AS på oppdrag frå Miljødirektoratet.

## Kvifor kartlegg vi naturtypar?

Målet med kartlegginga er å få på plass god, stadfesta informasjon om naturen til bruk i mellom anna arealforvaltning. Ved at stadfesta informasjon om natur er tilgjengeleg tidleg i ein arealplanprosess vil dette kunne bidra til at det vert lettare å ta omsyn til naturen i desse prosessane, i tillegg til å bidra til meir føreseielege og effektive prosessar.

Kartlegginga kan òg vere nyttig for grunneigarar som ynskjer å søkje om tilskot til tiltak for trua natur og kulturlandskapet.

## Kva skal kartleggast?

Kva slags naturtypar som skal kartleggast er fastsett på førehand av Miljødirektoratet. I 2019 skal kartleggingsområda undersøkjast for 105 ulike naturtypar. Dei fleste av desse naturtypane er raudlista i Noreg, medan resten er viktige leveområde for trua og nær trua artar.

Du kan sjå kva område som skal kartleggjast og lese meir om kartlegginga på denne nettsida: [http://nedlasting.miljodirektoratet.no/Kartlegging\\_2019/Grunneiere/index.htm](http://nedlasting.miljodirektoratet.no/Kartlegging_2019/Grunneiere/index.htm). Områda som skal kartleggjast kan innehalde både innmark og utmark. Resultata frå kartlegginga vil etter kvart bli tilgjengeleg for alle på internett via Naturbase: <https://kart.naturbase.no/>.

## Korleis skal områda kartleggast?

Kartlegginga vil gå føre seg på land etter eit standardisert system som heiter Natur i Norge (NiN). At eit område vil bli kartlagt inneber i praksis at eit kartleggingsområde vil bli undersøkt til fots for førekomst av dei 105 naturtypane. Ved funn av ein naturtype vil den som kartlegg notere ned observasjonar etter eit fastsett system og ta bilete av naturtypen. I sjeldne tilfelle kan det vere aktuelt å ta med små mengder plantemateriale for å identifisere det på eit laboratorium.

Den som kartlegg vil for kvar naturtypeførekomenst vurdere tilstanden og naturmangfaldet i førekomsten. Vurderinga vil bli gjort etter eit fastsett system utarbeida av ei ekspertgruppe. Basert på vurderinga vil naturtypeførekomenst bli gitt ein kvalitetssklasse.

---

<sup>1</sup> Naturtype: ensartet type natur som omfatter alle levende organismer og de miljøfaktorene som virker der, eller spesielle typer naturforekomster som dammer, åkerholmer eller lignende, samt spesielle typer geologiske forekomster (hentet fra naturmangfoldloven).

Det finst fem slike klassar; svært låg kvalitet, låg kvalitet, moderat kvalitet, høg kvalitet og svært høg kvalitet.

### **Kven kan eg kontakte?**

All ferdsel i samband med kartlegginga vil skje i tråd med friluftsloven sine reglar om ferdsel og god ferdskultur. Der det skal kartleggast område som inneheld innmark kan det være behov for at den som kartlegg òg går på innmarksareal. Om det er spesielle omsyn som må takast i samband med slik ferdsel, eller du ikkje gir ditt samtykke til ferdsel på innmark eller uttak av små mengder plantemateriale, kan du ta kontakt medrådgivar Solveig Silset Berg hjå Fylkesmannen i Møre og Romsdal på e-postadressa [fmmrsobe@fylkesmannen.no](mailto:fmmrsobe@fylkesmannen.no) eller på telefonnummer 71 25 85 17 før kartlegginga startar opp.